
Saknr: 2020/777-3
Saksbehandlar: Einar Kåre Ulla

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Medlemskap i Forum for Kontroll og Tilsyn

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber sekretariatet melde Vestland fylkeskommune inn i Forum for Kontroll og Tilsyn - FKT

Samandrag

Denne saka gjeld innmelding av Vestland fylkeskommune i FKT.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Einar Kåre Ulla
Seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Brosjyre - Forum for Kontroll og Tilsyn - FKT
- 2 Vedtekter - Forum for Kontroll og Tilsyn - FKT

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar var medlemmer i FKT til 31.12.2019. Ved samanslåing av dei to fylkeskommunane til Vestland fylkeskommune må innmelding takast opp på nytt. Kontrollutvalsleiaren har bede om at saka kjem opp.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet, kostnad til medlemskap er med i utvalet sitt budsjett

Vurderingar og verknader

FKT har som målsetting at alle kommunane og fylkeskommunane i landets skal vere medlemmer i FKT. FKT meiner det er avgjerande for eit velfungerande lokaldemokrati at dei som er valde inn i kontrollutvalet er aktive og engasjerte i samfunnsoppdraget til kontrollutvalet. Derfor må kontrollutvala få høve til å vere direkte representert i ein organisasjon som kan ivareta utvalet si rolle og funksjon i det kommunale eigenkontrollsystemet og tale kontrollutvalet si sak overfor sentrale mynde. Styret i FKT er derfor samsamansett med lik fordeling av politiske kontrollutvalsrepresentantar og sekretariat.

Litt informasjon om FKT:

FKT vart stifta 22. november 2005. Organisasjonen har i dag ca. 200 medlemar inkludert 23 sekretariat. Desse dekker meir enn 200 kommunar/fylkeskommunar. FKT har eit eige sekretariat med ein generalsekretær lokalisert i Oslo.

Utan om å være eit fagleg serviceorgan som kan gje råd og rettleiing, kan FKT tilby:

- *Konferansar:* Kwart år arrangerer FKT ein fagkonferanse og ein sekretariatskonferanse.
- *Rettleiarar:* For å styrke kontrollutvala og sekretariata sin kompetanse som bestiller av revisjonsoppdrag og påsjå - ansvar overfor revisor, har FKT utarbeidd fleire rettleiarar.
- *Opplæring og undervisningsmaterieil:* I tillegg til å ha utvikla ein opplæringspakke før valet i 2019, arrangerer vi i 2020 for første gang kontrollutvalsleiarskulen.

Meir informasjon om FKT sine tilbud finn du på www.fkt.no

Kostnaden for medlemskap i FKT vil for Vestland fylkeskommune i 2020 bli på kr. 15 000.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår, på bakgrunn av ovanstående, innmelding av Vestland fylkeskommune i FKT